


Er barnet mitt friskt nok til å vere i barnehagen?

27.05.11

Her følgjer nokre retningslinjer på det:



I utgangspunktet er det alltid barnet sin allmenntilstand som skal avgjere om barnet kan vere i barnehagen.

I tillegg må det vurderast om barnet skal vere heime for å unngå å smitte andre:

- **Barn med feber og akutt diarè/ oppkast skal vere heime frå barnehagen.** Barn skal ha minst ein symptomfri dag før dei kjem tilbake i barnehagen.
- **Barn som er forkjøla** og ikkje orkar å vere i vanleg leik og aktivitetar, bør haldast heime til dei er i betre form.
- **Barn med augekatarr;** berre ved **kraftig** augekatarr med rikeleg puss bør barnet av smittevern hensyn haldast heime. Føresette bør då oppsøkje lege for vurdering og behandling. Barnet kan gå i barnehage dagen etter evt. oppstart av behandling.
- **Barn med brennkoppar** kan gå i barnehagen når såra er under kontroll. Dvs at det ikkje er fare for at smitteførande sårsekret kan påførast andre barn. Det er viktig med god tildekking av såra for å unngå smitte.
- **Barn med vannkoppar** kan vende tilbake til barnehagen når utslettet har byrja å tørke inn.
- **Barn med hovudlus** skal haldast heime inntil behandling er sett i gang. Det er viktig at rett behandling kjem raskt i gang, og at føresette tek ansvar for å informere barnehagen og andre som kan ha blitt smitta snarast råd.
- **Barn med hoste og/eller evt. andre luftveginfeksjonar** kan gå i barnehage viss allmenntilstanden tilseier det, og viss barnet ikkje har feber. Ved langvarig eller kraftig hoste bør føresette oppsøkje lege.

NB! I barnehagen har vi barn med nedsett immunforsvar og som difor lettare kan bli smitta. Det er difor viktig at de følgjer disse retningslinjene så godt det lar seg gjere. Viss de likevel er usikre på om barnet er friskt nok til å vere i barnehagen, kan de ta kontakt med barnehagen eller helsesyster.

Vil til slutt minne på at det er viktig med god handhygiene!!

Venleg helsing helsesyster og lege på helsestasjonen

Evya Katrin Aamlid

Jon B. Grova